

## **Olje- og Energidepartementet**

**Postboks 8148 DEP.  
0033 OSLO**

Dato: 29.09.2014

A.nr.: 020  
J.nr.: 129/14/TBS  
Dykkar ref.:

### **Høyringsvar frå Suldal Elverk KF vedkomande rapporten «Et bedre organisert strømnnett»**

#### **1. Innleiing og samandrag**

Suldal Elverk KF er eit kommunalt føretak eigd av Suldal kommune. Vårt nettområde er hovudsakleg i Suldal kommune. Vi har ca. 3.800 nettkundar over eit stort geografisk område som vi omsett 100 GWh til årleg. I området har vi og 32 småkraftverk som produserer over 100 GWh årleg. Vi driv og med utbygging og drift av breiband i Suldal kommune.

Vi meiner rapporten gir ei skildring av dagens situasjon som vi stort sett kan seie oss samde i. Men nokre av dei føreslåtte grepa er vi ikkje samde i.

Vi syner til KS og Defo sine høyringsuttaler og er samd i hovudsynspunkta og hovudkonklusjonane i desse.

Dei punkta i rapporten vi vil kommentera særskilt og der vi meiner det er sær viktig at rapportens tilråding ikkje blir følgd, er:

- Selskapsmesse og funksjonelt skilje

EU sitt regelverk om unntak for selskap med færre enn 100.000 kundar framleis vert gjort gjeldande i Noreg, som i resten av Europa.

- Harmonisering av tariffar

Det må nyttast ei utjamningsordning som kompenserer for krevjande nett (topografi m.v.), ikkje for eventuell ineffektiv drift.

- Reglar for tenestekjøp

Det må vera opp til nettselskapet sjølv om dei skal selje tenester til andre aktørar.

## 2. Suldal Elverk sine synspunkt

Suldal Elverk vil kommentera særskilt desse punkta i rapporten

- **Selskapsmessege og funksjonelt skilje**

Forslaget om funksjonelt- og selskapsmessege skilje er eit forslag som vil gi vesentleg større kostnader for små og mellomstore selskap. Som resultat av dette vil truleg mange av desse selskapa bli inkludert i større sentrale nettselskap. Suldal Elverk meiner bortfallet av lokale energiverk vil redusera leveringstryggleik og beredskapen i distrikta. Om ønsket om funksjonelt eller selskapsmessig skilje kjem av mistanke om subsidiering mellom nett og anna verksemd, må det finnast andre måtar å avdekka eller unngå dette på. Små energiselskap er ofte sentrale samfunnsaktørar og yt viktige bidrag til utvikling av lokalsamfunn, spesielt med tanke på breibandutbygging. Normalt er det liten konkurranse på dette feltet i utkantane, og faren for konkurransevriding er minimal. Alternativet for mange utkantkommunar vil vera at utbygging av slik kommunikasjon stoppar opp. Truleg er det ikkje mogleg å driva små, eine breibandverksemder effektive og lønsame om dei skal driftast som eigne selskap med eigne leiarar, styre og revisor m.m. I NOU 2000:24 (Sårbarhetsutvalget) definerast kritisk infrastruktur som: *«system som når de ikke fungerer vil ha en sterk negativ effekt på samfunnet. Kritisk infrastruktur inkluderer blant annet informasjons- og kommunikasjonsteknologi (IKT), system for elektrisk kraft osv.»* Med det fokuset ei nettverksemd har på forsyningstryggleik, vil det vera ein fordel at desse selskapa og tar seg av anna infrastruktur slik som breiband og kraftproduksjon.

Suldal Elverk meiner at EU sitt regelverk om unntak for selskap med færre enn 100.000 kundar framleis skal gjelda.

- **Harmonisering av tariffar**

Suldal Elverk er samd i at det bør vera eit mål å redusera variasjonane i tariffane, slik det ligg i mandatet for ekspertgruppa. Det er sær viktig for utviklinga av distrikta i Noreg å jamne ut dei store variasjonane vi har i nettleiga i landet i dag. Ulikheitene skuldast at sentrale strok i landet har enkle geografiske tilhøve, enkle nett å drifta med stort forbruk, mens distrikta har spreidd busetnad, store avstandar, kostnadskrevjande nett å drifta med vanskelege topografiske og klimatiske tilhøve og lågt gjennomsnittleg forbruk pr. kunde.

Suldal Elverk meiner det må nyttast ei utjamningsordning som kompenserer for krevjande nett (topografi m.v.), ikkje for eventuell ineffektiv drift. Vi meiner vidare at færre nettselskap ikkje skal vera det viktigaste verkemiddelet for å oppnå harmonisering . Ei utjamning til dømes ved ei omfordeling gjennom sentralnettordninga, vil vera eit betre verkemiddel som kan gjennomførast utan oppbygging av noko meir rigorøse regelverk enn ein alt har i dag knytt til fastsetting av inntektsramma.

Dagens ordning for tariffutjamning gjennom årleg løyving i statsbudsjettet er skjør. Ordninga er avhengig av politisk prioritering, budsjettbalanse og økonomiske konjunkturar og jamnar ut berre dei aller største toppane. Ordninga er med på å skapa variasjonar i tariffane frå år til år.

Det kan og følast urimeleg at forbruk nær produksjon straffast i staden for å premierast som det gjer med dagens ordning. Det er ulogisk og uheldig at nettselskap som ligg vegg i vegg med kraftproduksjon har dei høgaste tariffane.

- **Reglar for tenestekjøp**

Om nettselskap skal selja tenester til andre aktørar, må etter Suldal Elverk sitt syn vera opp til selskapa sjølve. I mindre verksemdar kan det vera hensiktsmessig å inngå samarbeid om tenester som drift av drifssentral, veglysanlegg og andre nettrelaterte oppgåver. At nettselskapa ikkje skal kunna avhjelpa andre nettselskap ved større feilsituasjonar grunna rigide regelverk, vil heller ikkje vera akseptabelt.

Med vennleg helsing  
Suldal Elverk KF



Odd Hotvedt  
Styreleiar